



Dette biletet er teke frå vegen som eigaren av Øyro Marina har mellombels lov til å nytta. Den omsøkte nye hytta ynskjer eigaren av Rabben Camping skal ligga der campingvogna (midt i biletet) står i dag. (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Forvaltningskomiteen vedtok onsdag samrøystes mellombels forbod mot deling og bygging innanfor planområdet for ny igongsett reguleringsplan Turistanlegg-Uskedalen. Det er to prosjekt på Rabben Camping som har utløyst forbodet og det gjeld inntil reguleringsplanen er godkjent.**

Planområdet omfattar ikkje berre Rabben, men også arealet mellom den og den gamle samyrkelagsbygningen, kyrkja med kyrkjegard,

Øyro Marina og delar av området til Uskedal Båtlag.

Rådmannen si grunngjeving for forbodet var at oppføring av ei hytte ved vegen langs elva og eit tilbygg/påbygg på sanitærbygget ville vanskeliggjera planlegging og gjennomføring av reguleringsplanen.

Hytta som Rabben Camping ynskjer å føra opp er på to etasjar og seks meter høg og den er søkt plassert tre meter frå senter av vegen langs Uskedalselva.

Planen for utvida sanitærbygg omfattar eit tilbygg for verkstad på 28 kvadratmeter og påbygg med 80 kvadratmeter for hytteeining i andre høgda. Dette bygget vil då bli 7,85 meter høgt.

Elin Enes bad om midlertidig stans i byggjeaktivitetar på området i påvente av reguleringsplanen og har altså fått medhald i forvaltningskomiteen. Ho peika på at hytta vil bli liggjande kloss inntil tilførselsvegen til hennar turistanlegg og ville hindre større køyrety.

Sanitærbygget meiner ho ikkje er i tråd med stadfesta reguleringsplan, fordi det vil redusera lys- og utsiktsforhold og ikkje gli naturleg inn i bygningsmiljøet.

Rabben Camping svara at hytta vil bli liggjande attmed to andre hytter med samme mønehøgde og at vegen langs elva ikkje skal nyttast av motoriserte kjøyrety. Sanitærbygget hevdar søkjaren er i tråd med planen og ikkje gjev negative tilhøve med omsyn til lys og utsikt.

Rådmannen seier i sine kommentarar at reguleringsarbeidet er godt i gong og at byggjehøgde og plasseringar må avklarast i planen.

Om hytta seier han at den er foreslått altfor nær trafikert veg og opplyser at det er gjeve avkjørselsløyve for trafikk til marina og camping til reguleringsplanen er klar og fram til utgongen ev neste år.

Om påbygget til toalettbygget bemerkar rådmannen mellom anna at det er trångt i området.

Av Ola Matti Mathisen